

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 08.09.2010, kl.15.00

Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse møtte:

Rolf Bergmann, Torild Hole, Steinar Myrseth og Ståle Eikrem
= 2 og 3 voterande

Frå Sykkylven kommune møtte ordførar Aurdal, rådmann Lillestøl, kommunalsjef Sourza i sak 17/10 og kommunalsjef Flacke i sak 18/10 og 19/10.

Frå kontrollutvalset sekretariatet møtte: Dagleg leiar Harald og advokat Kjetil Kvammen

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 16/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 11. MAI 2010

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 11. mai 2010 blir godkjent.

SAK 17/10

**SYKKYLVEN KOMMUNE SIN UTTALE OM GODKJENNING AV HUNDEIDVIK
PRIVATSKULE AS**

Saksutgreiing datert 01.09.2010 frå kontrollutvalset sekretariatet.

Torild Hole og Steinar Myrseth reiste spørsmål ved eigen habilitet i sak 17/10 og forlet møtet og Ståle Eikrem kom til. Kontrollutvalet gjorde deretter samrøystes vedtak om at Torild Hole og Steinar Myrseth var inhabile.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å førelegge kommunestyret til nærare vurdering.

SAK 18/10

VEDKOMANDE STORFJORDTERMINALEN

Saksutgreiing datert 01.09.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.
Orientering om planlagt framdrift gitt av ordførar Aurdal

Torill Hole og Steinar Myrseth kom til og Ståle Eikrem forlet møtet. Torild Hole reiste spørsmål ved eigen habilitet i sak 18/10 og forlet møtet og Ståle Eikrem kom til. Kontrollutvalet gjorde deretter samrøystes vedtak om at Torild Hole var inhabil.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har saka til observasjon.

SAK 19/10

REKNESKAPSRAPPORT 1. TERTIAL 2010

Saksdokument datert 01.09.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Ståle Eikrem forlet møtet og Torild Hole kom til.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orienteing.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
medlem
(sign.)

Steinar Myrseht
medlem
(sign.)

Ståle Eikrem
varamedlem
(sign.)